FAGFELLERAPPORT FOR BACHELORPROGRAMMET I GENERELL PSYKOLOGI OG ÅRSSTUDIET FOR 2024

Spørsmåla som fagfellen skal svare på er:

1. Får studentene på årsstudiet og bachelorgraden tilstrekkelig opplæring i vitenskapelig redelighet, i hva som ansees som fusk eller plagiat, og i tillat og ikke tillat bruk av KI i produksjonen av vitenskapelige/akademiske tekster. Hva kan eventuelt gjøres for å forbedre opplæringen?

2. I hvilken grad er vurderingsformene på årsstudiet og på bachelorgraden i generell psykologi sikret mot uoppdaget bruk av plagiat eller KI?

Det er først viktig med ei avklaring av omgrep: «vitskapleg redelegheit» er ei overordna norm som styrer kva som er forventa av studentane, slik som at ein skal stort sett arbeide sjølvstendig og ikkje levere arbeid gjort av andre eller av KI som sitt eige. Dette vil vere fabrikkering, juks eller plagiat, og vere forboden bruk av KI. Det er denne definisjonen av vitskapleg redelegheit som leggast til grunn i denne vurderinga. Vitskapleg redelegheit eller uredelegheit kan også vere meir enn dette, men det er det ikkje einigheit om (Vitenskapelig (u)redelighet. 2016. T. Vinther, V. Enebakk & J. Hølen – De nasjonale forskningsetiske komiteene.).

Vidare har fagfellen berre informasjon om det som står på nettsidene til UiB og Det Psykologiske Fakultet, og ikkje innhaldet i informasjonsmøte og i liten grad om undervisinga, så det kan vere at informasjon om vitskapleg redelegheit blir gitt i disse, sjølv om det er lite om dette på nettsidene.

<u>Fagfellen si vurdering av spørsmål 1:</u> <u>Får studentene på årsstudiet og bachelorgraden tilstrekkelig opplæring i vitenskapelig redelighet, i hva som ansees som fusk eller plagiat, og i tillat og ikke tillat bruk av KI i produksjonen av vitenskapelige/akademiske tekster. Hva kan eventuelt gjøres for å forbedre opplæringen?</u>

I studieplanen for BA-programmet står følgjande som er relevant for problemstillingane:

«Generell kompetanse

Kandidaten.....

Kan arbeide sjølvstendig, ……og i tråd med etiske krav og retningsliner.

…….

Har innsikt i relevante fagetiske problemstillingar.»

Fagfellen si vurdering:

Tema som redelegheit, fusk, plagiat og bruk av KI kan undervisast i metodeemna, og det bør vere tema i PSYK250 Bacheloroppgåve.

PSYK113 Innføring i metode: I emneplanen til PSYK113 står det ingenting om desse tema. Ein gjennomgang av kapittel-oversikten i dei tre bøkene som er anbefala litteratur viser heller ikkje at desse tema er omhandla. Cozby har likevel eit kapittel kalla «Ethics in Behavioral Research», og Coolican har eit liknande kapittel, men vanlegvis handlar slike kapittel om andre moment enn dei som er spurt etter her. Timeplanen viser ei forelesing der forskingsetikk er ein del av tema.

PSYK202 Metode: I emneplanen for PSYK202 står følgjande under Generell kompetanse:

«Studentane vil få kjennskap til…….etiske problemstillingar og avgrensingar knytt til både kvantitative og kvalitative metodar.»

Det er likevel ingen forelesing over etiske problemstillingar i PSYK202.

PSYK250 Bacheloroppgåve: Emneplanen for PSYK250 seier ingenting eksplisitt om redelegheit, fusk, og plagiat. Der står riktig nok at studenten skal kunne «*Reflektere om etiske forhold i høve til bruk og tolkning av eigne data, kjelder og sitering*». Der står også at det ikkje er lov å nytte nokon hjelpemiddel i oppgåva, som det er rimeleg å tolke til at det ikkje er lov å nytte KI i arbeidet med BA-oppgåva. Dette støttast av Det Psykologiske Fakultet sine retningslinjer for bruk av KI ved fakultetet (Informasjon om bruk av kunstig intelligens ved Det psykologiske fakultet | Det psykologiske fakultet | UiB). Der står det at «*Når det gjelder studentenes innleveringer, skal det stå i emnebeskrivelse om det er tillatt (eller forventet) at studenter bruker hjelpemidler, inkludert ChatGPT eller tilsvarende generative KI-verktøy*.» Det er ingen referanse eller lenke til desse retningslinjene i emneplanane for metodeemna i årsstudiet og BA-programmet, eller i emneplanen for PSYK250.

PSYK250 Bacheloroppgåve har professor Elisabeth Norman si bok «Oppgaveskriving for psykologistudenter» som anbefalt litteratur, som har cirka ei side om «Bruken av AI-verktøy i skriving». Bortsett frå dette har emneplanen til PSYK250 ingen referanse til dei problemstillingane som er i fokus her.

UiB har også andre nettsider som tar opp KI og juks, som «Verktøy basert på kunstig intelligens i utdanning | Studentsider | UiB» og «Reielegheit og fusk | Studieavdelingen | UiB». Også her står det viktig informasjon om redelegheit, juks, plagiat og KI, men det er heller ikkje her lenke til desse nettsidene på programsidene til BA og årsstudiet. På nettsidene står det at *«…å levere en tekst som helt eller delvis er generert vil regnes som fusk, med mindre det er sitert på redelig måte*.» Det er såleis lov å nytte KI i eksamen, så lenge det siterast korrekt. Dette er den same retningslinja som mellom andre NTNU og UiT nyttar. Universitetet i Oslo har liknande retningslinjer, men disse er knytt til sitering generelt, og ikkje spesifikt til KI.

Konklusjon: Nettsidene til programplanane og emnebeskrivingane gir lite informasjon om vitskapleg redelegheit. Det kan dermed konkluderast med at studentane på årsstudiet og bachelorprogrammet ikkje får tilstrekkeleg opplæring i vitskapleg redelegheit, det vil seie kva som sjåast som fusk eller plagiat, og tillaten og ikkje tillaten bruk av KI i produksjon av vitskaplege/akademiske tekstar. Dette er basert på kva som står på nettsidene og i anbefalt litteratur. Kva som blir tatt opp i undervisinga er det vanskeleg for fagfellen å vite noko om.

Kva kan gjerast for å forbetre opplæringa? Nettsidene til UiB som det er vist til over er gode og presise. Kanskje er studentane alt godt informerte om desse, men det kjem ikkje fram i programbeskrivingane. Dersom UiB tillet å lenke til disse frå programsidene til BA og årsstudiet kan det vere ei hjelp i opplæringa. Vitskapleg redelegheit kan også vere eit relevant tema i metodeemna

og i bacheloroppgåva, og at dette blir eksplisitt i emneplanane som kunnskap, ferdigheit og/eller generell kompetanse.

2. I hvilken grad er vurderingsformene på årsstudiet og på bachelorgraden i generell psykologi sikret mot uoppdaget bruk av plagiat eller KI?

Skuleeksamen er den einaste vurderingsforma på årsstudiet og den vanlegaste i bachelorprogrammet. Dette er ei vurderingsform som er godt sikra mot bruk av plagiat eller KI. I bachelorprogrammet er det i tillegg tre emne som har heimeeksamen: PSYK117 Operativ psykologi har 72 timars heimeeksamen, PSYK206 Artikkellesing har 48 timars heimeeksamen, og PSYK250 Bacheloroppgave er eit forskingsarbeid der vanlegvis to eller tre studentar skriv saman. I enkelte tilfelle kan ein student skrive oppgåva åleine. Slik fagfellen forstår det gir gruppa ei munnleg framføring av bacheloroppgåva, det vil seie at det ikkje er individuell framføring. I alle desse vurderingsmetodane er plagiat eller bruk av KI eit mogleg problem.

Plagiat kan oppdagast gjennom programvare som Ourginal. Det har blitt avslørt plagiat ved hjelp av denne type programvare, men plagiatsjekken er lett å omgå ved å redigere plagiert tekst. Programvara kan heller ikkje sjekke tekst mot ei rekke lærebøker. Ein student som har plagiert og som kjenner til desse avgrensingane kan lett omgå å bli oppdaga av denne programvara. Det er såleis klare avgrensingar for kva Ouriginal kan avdekke.

Bruk av KI kan oppdagast gjennom å bruke programvare, for eksempel GPTZero, som er utvikla for å avdekke om ein tekst er skriven av ein tekstgenerator eller av ein person. Det er likevel spørsmål om kor sikker ei slik klassifisering er, og dermed om denne metoden kan nyttast som bevis om at KI er nytta. Ved ein heimeeksamen ved NTNU identifiserte GPTZero ein tekst som KI-generert, og sensor meldte den som fusk. Denne saka vart avvist av administrativ seksjon som handsama denne type saker på grunn av usikkert bevis, og studenten fekk ordinær sensur, men vart ikkje meldt for juks. Dette fordi programvara berre sannsynleggjer at KI er nytta, men kan ikkje seie det sikkert. Tilsvarande saker har vore ved andre lærestader, som har hatt liknande utfall som ved NTNU. Programvare som kan avsløre bruk av KI kan ikkje brukast som sjølvstendig bevis, men kan nyttast for å få ein indikasjon på bruk av KI som kan følgjast opp av sensor.

Bruk av KI kan også oppdagast ved at teksten er ganske generell, teksten er usamanhengande, sentrale omgrep er nytta, men utan særleg forståing, referansar kan vere falske mm., men det er veldig vanskeleg å bevise at KI er nytta i desse tilfella. Det er også gjort testar der bruk av KI har gitt gode karakter. Det er også gjort testar der sensorar har klart å identifisere dei fleste av KI-genererte svar som nettopp KI-genererte, men dette vil neppe holde som bevis i ei eventuell fuskesak. Konklusjonen blir dermed at sjølv om det kan sjå ut som at bruk av KI kan oppdagast, så er det veldig vanskeleg å bevise bruken.

Konklusjon: Vurderingsformane på årsstudiet er godt sikra mot uoppdaga bruk av plagiat og KI. Vurderingsformane på bachelorprogrammet er stort sett godt sikra, men dei tre emna nemnt over er etter fagfellen sitt syn ikkje godt sikra mot plagiering og bruk av KI.